



Gaular kommune

Etaten for Landbruk/næring og teknisk

Landbruks - og matdepartementet
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

Jfr.

Saksnr. 14/1070	Arkivkode TL-&13, FA-V13	Journalnr. 14/7577	Dykkar ref.	Vår ref. LHO	Dato 20.10.2014
--------------------	-----------------------------	-----------------------	-------------	-----------------	--------------------

Høyring av forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket

Gaular kommune viser til høyringsforslag om ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket. Forskrifta skal etter planen tre i kraft 01.01.2015.

Vilkår om gjødslingsplan og sprøytejournal for å ha rett på arealtilskot

I forslaget til ny forskrift § 4 tredje ledd punkt 1 er det tatt inn eit krav om at føretak skal ha gjødslingsplan og føre sprøytejournal for å ha rett på tilskot til jordbruksareal. Føretak utan gjødslingsplan og/eller sprøytejournal vil difor ikkje kunne få jordbruksarealtilskot. Dette vil gje større konsekvensar for det enkelte føretak enn dagens ordning. I gjeldande regelverk er det eit standardisert trekk for føretak utan eller mangelfull miljøplan, og det er arealstorleiken til føretak som avgjer trekket. Ved areal under 250 daa er trekket 8000 kr, ved areal 251 - 500 daa er trekket 12 000 kr, ved areal over 500 daa er trekket 18 000 kr. Krav om gjødslingsplan og sprøytejournal er i dag regulert i eit anna lovverk. Kva Landbruks – og matdepartementet tenkjer om korleis dette vilkåret skal handhevast, til dømes om det er rom for skjønn, er ikkje nemnt i høyringsnotatet. At gjødslingsplan og sprøytejournal skal vere eit absolutt krav for å få tilskot til jordbruksareal meiner Gaular kommune er unaudsynt strengt. Vi meiner at brot på vilkår og reaksjon må stå i forhold til kvarandre, og det må vere mogleg for kommunen å utøve skjønn. Dagens ordning med standardisert trekk og mogleik for skjønnsvurdering fungerer difor godt. Vi legg til grunn at forskrift om gjødselplanlegging vert gjeldande som før, slik at kommunen framleis kan gje dispensasjon frå krav om gjødselplan for føretak med ekstensiv drift, samt at det kan godkjennast femårige planar.

Uklar definisjon av vegetasjonsbelte

I forslaget til ny forskrift § 4 tredje ledd punkt 3 er det tatt inn eit vilkår om at føretaket skal ha eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning mot vassdrag eller kanal med årssikker vassføring, som ikkje skal jordarbeidast. Det er ikkje definert noko minstemål på vegetasjonsbeltet mellom vassdrag eller kanal og jordbruksareal. Utan eit minstemål vil det vere vanskeleg å handheve fordi det vil vere ulik tolking av kva som er god nok bredde på vegetasjonsbeltet. Vegetasjonsbeltet bør vere tydeleg definert slik at det er einstyddande både for gardbrukar og forvaltning kva krava er.

Postadresse Vadheimsvegen 15 6973 SANDE I SUNNFJORD	Telefon: 57718521 Telefaks: 57718501 E-post: postmottak@gaular.kommune.no	Bankgiro: 37600700279 Org.nr: 963 923 988
---	---	--

Avkorting

I §§ 11 og 12 som gjeld høvesvis avkorting ved regelverkbrot og avkorting ved feilopplysing, står det at anten det er regelverksbrot eller feilopplysning «*skal hele eller deler av det samlede tilskuddet som tilfaller foretaket avkortes*». Dette kan berre tolkast slik at det uansett skal avkortast, medan i høyringsnotatet står det at forvaltinga alltid skal gjennomføre ei avkortingsvurdering. Gaular kommune er samd i at det skal gjerast ei avkortingsvurdering, men kommunen må ha mogleik til å kome til den konklusjonen at det ikkje skal avkortast i enkelte tilfelle. Det kan vere mange årsaker til feil opplysning på søknad om produksjonstilskot, og kommunen bør ha mogleik til å ta ei heilskapleg skjønnsvurdering på om det skal avkortast. Vi meiner at dagens «kan»-regel om avkorting bør vidareførast.

Med helsing



Truls Hansen Folkestad
leiar for etaten landbruk/-næring og teknisk



Linn Hovlandsdal
fagkonsulent landbruk

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og
Fjordane

Postboks 14

6801 FØRDE